

15/00948-2  
ODD620 2.7.15  
UOFF § 26.3.4dd



Fylkesmannen i Buskerud  
v/ Kari Ølstad Jansen  
Postboks 1604  
3007 DRAMMEN

HEMSEDAL KOMMUNE  
3560 Hemsedal

## Søknad om Kongens fortjenestemedalje for Harald Lystad fødd 21. november 1944.

Øystein Huseby har ei svært god grunngjeving for Harald Lystad som kandidat for Kongens fortjenestemedalje. Grunngjevinga og søknaden er lett å støtte. Det er og lite å legge til . men nokre sider ved Harald Lystad kan utdjupas litt meir.

Legen Harald Lystad er ein bauta i Hemsedalssamfunnet . Han har i 40 år vore tilgjenge for bygdefolket nesten heile døgnet. Det har aldri vore kø på legekantoret . Harald Lystad , og i seinare tid også dei andre legane , har lagt inn litt ekstra tid for å ta imot pasientane der og då. Harald har aldri vore vanskeleg å be , anten det var heimebesøk ,kveld eller natt. « Døktarn» var alltid å få tak i. Han har stor tillit blant pasientane sine , og no når det vart kjent at han trappar ned bestilte folk time berre for å få ein sjekk og ein prat.

Som tilsynslege på Bygdaheimen har Harald Lystad vore den sikre og trygge. I tillegg til dei faste besøka som han har , så stiller han opp når nokon ynskjer det. Han har den autoriteten som ein lege har , men samstundes eit glimt i auga med smil og varme. Brukarane er alltid trygge på at Harald Lystad stiller opp for dei .

Harald Lystad fekk kommunen sin kulturpris i 2014. Sidan Harald kom til bygda i 1975 har han vore aktivt med i Hemsedal IL , fyrst som handballtrenar seinare i styret og mangeårig formann. Harald var leiar i arrangementskomiteen i idrettsslaget i 15 år .Av større arrangement i den tida var WC alpint i 1986 og 1990 , junior VM alpint i 1987 og 1991 og mange andre store renn.

I 1994 vart Hemsedal Golfklubb stifta , og Harald Lystad vart formann då . Det er eit verv han har enno . Over 20 år som primus motor for golfaktiviteten i Hemsedal og for Ole Johans minneturnering til inntekt for kreftsaaken. Store summar er samla inn på denne måten.

Harald Lystad har vore pådrivar for folkehelsesaka lenge før dette vart ei nasjonal satsing. Han var sentral i etableringa av « Folk i form» løypa og andre mosjonsløyper. Saman med Sissel Carlstrøm på kulturkontoret kvista og rydda han desse løypene til glede og betre helse for både hemsedøler og turistar. Harald Lystad har heile tida sett den gode medisin som mosjon er.




Det er mykje meir eg kunne ha lagt til om personen Harald Lystad. Det som er skrive over som eit tillegg til grunngjevinga og søknaden frå Øystein Huseby skulle vera eit godt grunnlag for at Harald Lystad blir tildelt Kongens fortjenestemedalje.

Eg håpar på ei positiv handsaming av søknaden.

3560 Hemsedal, den 2. juli 2015

Med helsing



Oddvar Grøthe  
ordfører